ALVER
KOMMUNE

Kristin Ingeborg Storli Austegard
Flatøyvegen 136
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 15.05.2023 |
| Vår: 22/6854 - 23/37642 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Om søknad om dispensasjon for oppføring av garasje - gbnr 1/205 Flatøy

Vi viser til søknad om dispensasjon for oppføring av garasje på eigedomen gbnr 1/205 og dialog i saka, seinast ved telefonsamtale 28.04.2023.

Det er vår vurdering at det kan førast opp garasje på eigedomen utan søknad og løyve dersom vilkåra for dette er til stades, jf. 9.2022, men at tiltaket krev dispensasjon frå kravet om områderegulering i § 1.2.2 i kommunedelplanen for Meland.

Etter nærare gjennomgang av søknaden og opplysningar gitt i telefonsamtale, ser vi at situasjonen har endra seg slik at grunngjevinga for søknaden om dispensasjon ikkje lenger kan leggjast til grunn for behandling av søknaden. Det må sendast inn oppdatert og grunngitt søknad om dispensasjon. Naboar må varslast.

Vi ber om at tilleggsdokumentasjon vert send inn innan **30.06.2023**. Dersom vi ikkje har mottatt tilleggsdokumentasjon innan fristen, vil saka verta avslutta utan vidare behandling. Det betyr at dersom tiltaket er aktuelt på eit seinare tidspunkt, må du senda inn ny søknad og leggja ved dokumentasjon på at tiltaket er nabovarsla, samt kart og teikningar over planlagt garasje.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om dispensasjon - gbnr 1/205 Flatøy
Legeerklæring ved fullmakt
Skriv vedr Gbnr 1/205
A10-1 Situasjonsplan Ny Garasje
A10-02 Ny Garasje Plan Snitt og Fasader

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kristin Ingeborg Storli Austegard | Flatøyvegen 136 | 5918 | FREKHAUG |